

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8913-2

## Gloppen kommune/Gloppen Energi AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer ikkje gjeldande sin forkjopsrett til Gloppen Energi AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS i samband med tilbakeføring av aksjane til Gloppen kommune.
2. Fylkeskommunen tek atterhald om at dei andre SFE-aksjonærane også gjev avkall på sin forkjopsrett.

#### Vedlegg:

1. Brev frå Gloppen kommune, dagsett 18.09.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 2. Bakgrunn for saka

Gloppen kommune/Gloppen Energi AS eig 3,36 % av aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). I 2008 etablerte Gloppen kommune eit heileigd dotterselskap; Gloppen Energi AS. Kommunen overførte SFE-aksjane sine til dotterselskapet. Alle SFE-aksjonærane samtykka då i at aksjane vart overførte utan at ein eventuell forkjopsrett vart utløyst. Jf. fylkesutvalet si handsaming, FU-sak 118/07. Det er seinare gjennomført ei mindre endring av bytteforholdet mellom aksjonærane i SFE. Gloppen kommune har derfor ein mindre aksjepost i SFE som ikkje er overført til Gloppen Energi AS.

Gloppen kommune er eigar av tre kraftstasjonar; Gloppenstasjonane. Desse stasjonane har siste 20 åra blitt leigde ut til SFE Produksjon AS, eit selskap der produksjonsverksemda til SFE er samla. Gloppen kommune har vurdert den framtidige organiseringa av eigne kraftverdiar, og ønskjer å overføre kraftstasjonane til Gloppen Energi AS, samt selje 30 % av aksjane i Gloppen Energi AS til SFE Produksjon AS.

Styret i SFE Produksjon AS og konsernstyret i SFE har gitt tilslutning til at SFE Produksjon AS går inn som medeigar med 30 % i Gloppen Energi AS, under føresetnad av at aksjane i SFE kan tilbakeførast til Gloppen kommune utan at overdraginga utløyser forkjopsrett.

I brev dagsett 18.09.15 ber difor Gloppen kommune SFE-aksjonærane om samtykke til at Gloppen Energi AS sine aksjar i SFE kan tilbakeførast til Gloppen kommune utan at det utløyser forkjopsrett, eventuelt at aksjonærane fråskriv seg denne retten.

### 3. Vurderingar og konsekvensar

Det følgjer av SFE sine vedtekter § 8 at «ved overdraging av aksjar har dei øvrige aksjonærane forkjopsrett». Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at nokon av unntaka frå forkjopsretten i aksjelova kjem til bruk i denne saka. Fylkesrådmannen finn det difor ikkje naturleg å gå inn på Gloppen kommune sitt spørsmål om samtykke til at overføringa ikkje utløyser forkjopsrett. Spørsmålet blir heller om fylkeskommunen vil gi avkall på sin forkjopsrett til Gloppen Energi AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS.

Forkjopsrett for aksjeeigerane har to formål:

For det første er forkjopsretten eit middel for å hindre at utanforståande kjem inn i selskapet. For fylkeskommunen er det viktig å sikre lokalt eigarskap i SFE, sjå mellom anna FT-sak 118/07. Fylkeskommunen ønskjer å auke satsinga innan fornybar energi i fylket, samt sikre at inntekter frå naturressursane i fylket kjem innbyggjarane til gode, jf. fylkeskommunen si eigarmelding frå 2014. I den føreliggjande saka er det ikkje tale om at utanforståande kjem inn i selskapet. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det vil vere av tyding for fylkeskommunen om det er Gloppen kommune eller deira heileigde dotterselskap Gloppen Energi AS som eig SFE-aksjane. Det vil uansett vere Gloppen kommune som har kontrollerte innflytelse over aksjane.

For det andre er forkjopsretten eit middel for den enkelte aksjeeigar til å behalde sin høvesmessige eigardel i selskapet, og dermed hindre at maktforholdet i selskapet blir endra. Fylkeskommunen eig 48,15 % av aksjane i SFE AS. BKK er nest største aksjonær med ein eigardel på 38,54 %. Dei andre eigarane er Gloppen kommune/Gloppen Energi AS, Bremanger kommune, Askvoll kommune, Selje kommune, Eid kommune og Naustdal kommune. Tilbakeføring av aksjane til Gloppen kommune vil ikkje endre nokon av aksjonærane sin høvesmessige eigardel i selskapet. Eigarforholdet kan derimot bli påverka dersom ein av dei andre SFE-aksjonærane nyttar forkjopsretten. Fylkeskommunen vil uansett vere majoritetseigar med negativt fleirtal, men andre aksjonærar kan i denne situasjonen få ein større eigardel i selskapet. For å sikre at eigarforholdet ikkje blir endra, kan fylkeskommunen ta atterhald om at dei andre aksjonærane også gjev avkall på sin forkjopsrett.

Eit anna moment som taler for å gje avkall på forkjopsretten er at fylkeskommunen sjølv kan bli stilt i ein liknande situasjon. I 2005 etablerte fylkeskommunen eit heileigd dotterselskap, Sogn og Fjordane Holding AS, som eineigar for eventuell forvaltning av aksjane i SFE. Dersom fylkeskommunen i framtida ønskjer å overføre aksjane i SFE til holdingselskapet kan fylkeskommunen få behov for at dei andre aksjonærane gjev avkall på forkjopsrett.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser ingen grunn til å ikkje gje avkall på forkjopsretten. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det utan tyding for fylkeskommunen om aksjane er eigd av eit selskap som Gloppen kommune eig fullt ut eller direkte av Gloppen kommune.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet gjev avkall på sin forkjopsrett til Gloppen Energi AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS. For å unngå endringar i eigarforholdet tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet tek atterhald om at dei andre SFE-aksjonærane også gjev avkall på sine forkjopsrettar.